

**Spørsmål til Statens vegvesen og Hordland Fylkeskommune få møtet 22.11.2013.**

**Gjeld : FV 569 Dalseid – Romarheim , indre veforbindelse mellom E 16 og E 39.**

**1. Kan reguleringsplan frå 1996 framleis brukast ?**

**Svar i møtet : ja.**

**Kva tiltak må evt setjast i gang med den ?**

**RP er i utgangspunktet «ferskvare», og har en gyldighet på 5 år. Planen går likevel vidare dersom den er teke med i rulling av kommuneplanen. (Uansett er det behov for oppdatering ift endringer) For nærare opplysninger, kan ein referere til plan og bygningslova.**

*Endelig vedtatte reguleringsplaner er juridisk bindende for alle parter og et rettskraftig hjemmelsgrunnlag for gjennomføring av den planlagte utbyggingen/endringen. En detaljregulering har gyldighet i fem år. Det vil si at en utbygging etter en detaljplan må være i gang senest 5 år etter at planen er vedtatt. Denne fristen kan etter søknad forlenges to år om gangen.*

**2. Kan allerede planlagde tiltak setjast i gang ?**

**Litt uklart kva som meines her.**

**Generelt:**

**Hordaland fylkeskommune er vegeigar av fylkesvegane. Det praktiseres sams vegadministrasjon etter rammeavtale med Statens vegvesen.**

**Statens vegvesen arbeider ut frå rammer gitt i Regional transportplan, og årlege plan- og byggeprogram. Begge nemnde planar vert vedteke av fylkestinget.**

**3. Kan Fv 569 fjerna frå < Forslag til Verneplan > inntil ny veg er realisert ?**

**Vil Hordaland fylkeskommune ta denne saka vidare til dei rette instansar ?**

**Verneinteresser gir enkelte utfordringer. Det er ingen kjente endringer ift status i saken. Henvisning vidare til Hordaland fylkeskommune. Statens vegvesen er så langt instruert av Vegdirektoratet å behandle forhold ved Fv.569 som om vegen hadde vernestatus.**

**4. Kan fleire strakstiltak gjennomførast, knytt til utbedring av vegbana ?**

**Fleire tiltak kan utførast dersom fylkeskommunen prioriterer opp tiltak for dette- og løyver midler i årlege plan- og byggeprogram for fylkesveger samt at tiltak ikkje kjem i konflikt med uavklart «vernestatus».**

5. Korleis sikra at vegbana / vegsikring ( eksempelvis rekkverk ) ikkje fører til smalare vegbane, ? Noko som er tilfelle i skråninga ned mot Dæmring: 3,50 m , og i Stammeshagen rett før avkjøringa mot Kallesadsundet bru : 2, 90 m.

**Vi vil leggja vekt på at eventuelle framtidige tiltak ikkje skal resultere i smalare vegbane. Punktet som det viser til i Stammeshagen er søkt om midler til for å få utbetra.**

6. Kan arbeidet med ny Høgaberg tunnel starta opp og byggast ferdig etter tidlegare godkjent reguleringsplan?

**Viser til svar i spm.1**

**Dette må prioriterast.**

Når ny tunnel er bygd og opna, kan noverande tunnel fredast vist det fortsatt er aktuelt.

**Dersom ny tunnel bygges , kan noværande tunnel fredast.**

**Ein må også her vise til regional transportplan, og tilhøyrande handlingsprogram. Sjå omtale under kap.5 og den enkelte kommune <http://www.hordaland.no/PageFiles/50190/Handlingsprogram2013-17.pdf>**

7. Kan Fv 569 akseptast som ein indre gjennomgangs veg mellom E 16 og E 39, og oppgraderast til dette ?

Så lenge denne vegen er open for trafikk, vert den nytta slik for trafikk mellom Sogn – Voss – aust - vest med mer.

Me krev ikkje ein to felts veg med gul midt stripe, men ein veg med trygg framkomst for alle.

**Fv.569 har pr. i dag status som «øvrige fylkesveger» - som er lågaste status. Prioriteringer av fylkesveger fremgår av regional transportplan, og vidare prioriteringer må fremmast politisk. Det ligg ikkje føre planer om vurderinger av denne koblinga mot NTP**

Spørsmål som kom fram i møtet :

8. Visar Statens vegvesen godt nok engasjement i å leggja fram konkrete tiltak eller krav gjeldane denne vegen ?

**Her må vegeigar, Hordaland fylkeskommune svare.**

9. Får Fylket god nok informasjon ?

Også her må Hordaland fylkeskommune svare. Fylkeskommunen har tett kontakt med Statens vegvesen administrativt og vi er som oftest representert i samferdselsutval og fylkesting

10. Kan ein sjå bort frå minstekrav om framkommeleg veg ?

Det er ikkje definert minstekrav for eksisterande veger. Det finnes krav til ny veg og ved større ombygging.(Håndbok 017)

11. Får Statens Vegvesen god nok informasjon frå kommunane og vegmelding sentralen ?

Det er Statens vegvesen og/eller entreprenører som skal oppdatere vegtrafikksentralen om trafikkale forhold av betydning.

Mot kommunane er det også dialog løpande. Det er kvart anna år fellesmøte(dialogmøte) der kommune,fylkeskommune og Statens vegvesen føl opp saker/prioriteringer i kommunen. Forøvrig har kommunane ein TS-plan som omhandler kommunen sine prioriterte områder i dialogen med fylkeskommunen og statens vegvesen.

12. Kva har samferdsels kommitane meldt tilbake til Statens Vegvesen og Fylkestinget etter årevis med synfaringar ?

Svares ut av fylkeskommunen

13. Norges dårlegaste fylkesveg, kven tek ansvaret for våre liv på vegen ?

Fleire fylkesveger i Hordaland har dårlegare standard enn Fv.569 . Må forøvrig svarast ut politisk

14. Kva er minste standar på fylkesveg ?

Det er kortfatta sagt kun føringer for ny veg – eller større ombygginger av veg.(se bl.a Håndbok 017)

15. Vist vegen får redusert Ådt grunna dårleg vegstandar , skal det fortsatt brukast som hinder for veg utbedring ?

Det er ofte ÅDT som utgjør grunnlaget for prioriteringar, men det kan være andre politiske føringer og prioriteringar. Som nemnd, for fylkesveger ligg prioriteringane i RTP m/tilhørende handlingsprogram.

16.Då denne vegen vart opna i 1939 var det Norges dyraste veg. Den kosta kr 116,- pr meter ferdig veg. Kven tek ansvaret for at den fortsatt er farbar etter framtidens krav til sikkerheit , framkomst og sikre arbeidsplassar ?

Overordna; politisk ansvar.

Statens vegvesen,gjennom driftskontraktane, føl opp daglege utfordringer på vegnettet og tek i vare behov for å oppretthalde open veg og dagleg trafikkavvikling.

**17. Kven har ansvar for å setja av nok midlar til utbedring/vedlikehald dersom det framleis er meininga at vegen skal stå i forslag til verneplan ?**

**Det er vegeigar, Hordaland fylkeskommune som er øvste mynde ift endelege prioriteringar. Statens vegvesen gir fagleg tilråding som beslutningsunderlag.**

## **1 8. Veg vedlikehaldet :**

**Asfaltering av vegbana og fjerning av kritiske punkt, nytt rekkverk og ras sikring må prioriterast i 2014.**

**Voss og Hardanger har foreslått mindre strekningar på Fv.569 med ny asfalt i 2014. Endeleg dekkeprogram vert fastlagt før 1.mai.2014.**

**Det vart støypt rekkeverk ved Kallestadsundet bru i veke 5 i år. Det vart også oppført en god del betongrekkverk i 2013.**

## **9. Utbedring :**

**1 Bygging av ny Høgaberg tunnel må framskandast.**

**2 Det må lagast fleire møteplassar.**

**Her må grendalaget samhandle med kommunane ift å kunne påvirke prioritering av tiltak i Hordaland. Kommunane føl sine prioriteringar opp mot Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.**

**Svar på desse spørsmåla skal sendast til Eidsland Grendalag :**

**Svarfrist : 31.12.2013**

**Epost :**

**[ashildelien@hotmail.com](mailto:ashildelien@hotmail.com).**

**Kopi til :**

**[sveinung.mo@mebas.no](mailto:sveinung.mo@mebas.no)**

**[Eirik.haga@vaksdal.kommune.no](mailto:Eirik.haga@vaksdal.kommune.no)**

**[Knut.moe@modalen.kommune.no](mailto:Knut.moe@modalen.kommune.no)**

**[Janne.elin.matre@gmail.com](mailto:Janne.elin.matre@gmail.com)**

